

Martin Skjekkeland: *Tysk-danske lånord i nynorsk og i bygdemåla. Om ein frisk debatt – og om ei gransking av ordtilfanget i to bygdemål.* (Forskningsserien nr. 16. Høgskolen i Agder). Kristiansand: Høgskolen i Agder, 1999. 130 sider.

Den nynorske ordstriden er ein del av kulturhistoria vår. Dei siste 20 åra har svært mange skjedd ved at nynorsken har avklart mange av ordproblema sine gjennom ein lang diskusjon. Premissane er blitt diskutert breitt og grundig. Gjennom denne interessa for orda har vi både fått vite noe meir om norsk språk og forstått meir av språket som kulturobjekt. Siste delen av denne boka åt Skjekkeland er eit bidrag til kunnskapen om norsk ordforråd, første delen er eit utsyn over den nynorske ordebatten siste tiåra.

Venås-tilrådinga frå 1983 (Venås o.fl. 1983) er eit vasskilje i ordstriden i nynorsk, for den la grunnlaget for ei ideologisk og politisk avklaring. Frå Aasen skapte landsmålet, har opposisjonen mot dansk-tyske importord vore ei viktig symbolsak for delar av målflokken. Men at nynorsken ikkje har vilja godta vanlige ord i det folkelige talemålet, har gjort det vanskeligare å argumentere for at dette skriftspråket representerer folkemålet.

Skjekkeland held seg til den nære historia. Språknemnda oppnemnte Venås-utvalet i 1981 etter eit ordskifte i *Syn og Segn* mellom Lars S. Vikør og Sigmund Skard. "Utvalet skal på fritt grunnlag vurdere ideologi og tradisjon, normert og røyntleg bruk av ordtilfanget i nynorsk," heiter det i mandatet for utvalet (s. 11). Utgreiinga kom i 1983 med ei heilskaplig drøfting av emnet og ei liberal fleirtalsinnstilling.

På grunn av indre stridar greidde ikkje Språkrådet å gjøre anna enn eit tomt vedtak på årsmøtet i 1984 (s. 12). Men utgreiinga la eit nødvendig grunnlag for debatten som tok seg opp att ti år etterpå da Escola forlag ønskte å "opne slusene" i nynorskordlista si. No kom ei ny vinkling på debatten gjennom eit ønske om å utvikle presise retningslinjer for inntaket av dansk-tyske ord. Det kravde eit nytt presisjonsnivå, nye diskusjonsrundar og nye innlegg. Ikkje bare argument blei gjennomgått, dei internaliserte normene i skrift og tale blei også studert i samband med diskusjonane.

På årsmøtet i 1999 vedtok så nynorskseksjonen i Språkrådet med 18 mot 1 stemme "Retningslinjer for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlistar og ordbøker". Desse prinsippa inneheld først fem generelle punkt og deretter fem spesielle punkt om ordstrukturelle krav. Desse retningslinjene er i normeringsfaglig samanheng eit gjennombrutt for ein ny arbeidsmåte. Med dei kunne sekretariatet i Språkrådet få i mandat å behandle søknadar om å ta inn nye ord i ordlistar. I 2000 sendte det ut ei liste på nye 304 godkjente ord. Dette var ord som hadde passert første kriteriet i retningslinjene om at dei "har stor utbreiing i norske dialektar", dessutan var dei ikkje i strid med dei strukturelle restriksjonane.

Etter denne omvøla passar ikkje "forbodsspråk" som karakteristikk av nynorsk lenger. Men så spør det om spådommar frå debatten slår til, slike som den implisitte påstanden i ein leiarartikkel i *Dag og Tid* frå 15.01.1998: "Ein hjel-

per ikkje nynorsken til å overleva ved å sende han inn i dødskampen.” Slike og andre dramatiseringar kan i seg sjølve vere interessante, for vi lærer noe om språket som institusjon i kulturen vår; der kan førestellingane om språket leve nokså uavhengig av det faktiske språket.

Skjekkeland går nøye gjennom debatten og dei ymse forslaga til retningslinjer frå 1993 til 1999 da Språkrådet gjorde endelig vedtak. Han har gått igjennom alle referata frå arbeidet i Språkrådet, og historikken og argumentasjonen blir ryddig og saklig lagt fram, slik at ein her kan lett studere motsetningane som kjem fram når ideologisk retorikk skal omformas til lingvistiske prinsipp. Skjekkeland har ikkje sjølv noen ideologisk eller sosiologisk analyse av striden, dessverre. Men kanskje vi bør vente lenger før tida er moden for ein slik analyse. Verdien i denne første delen av boka ligg i dei nøyaktige og nøkterne referata.

Ein slik ordstrid er sosiolingvistisk interessant. I praksis er ikkje alle ord like gode – verken i bokmål eller nynorsk. Men i bokmålet er ikkje dei sosiolingvistiske konfliktane like berrsynte, for dei får ikkje formaliserte uttrykk. I nynorsk er motsetningane avdekte så grundig at dei kan utnyttast til underhaldning for andre. Dette er eit eksempel på språket som kulturobjekt, og prinsipielt er det ikkje ulikt alle andre sider ved språket som får symbolverdi – i kva som helst språk. Korleis ordvalet er styrt i bokmålet, ville forresten eigna seg som sosiolingvistisk forskingssemne.

Forskningsbidraget frå Skjekkeland er undersøkinga han har gjort av importord i dialektane i Bø i Telemark og i Kvinesdal i Vest-Agder. Jamføringa mellom dei to stadane gir interessante innsikter, og ho kan knytast nettopp til nynorskdebatten. Der er det ofte blitt hevda at talemålet ikkje kan brukas som referanse for ordforrådet i nynorsk, for dialektane er for “utvatna”, og påstandane gir ei kjensle av at det er fri flyt av ord i dialektane på grunn av “det sterke presset frå bokmål som nynorsk er utsett for i dag” (s. 46–47). Dette er ein påstand om språkending som bør etterprøvast, slik at det ikkje blir bare ein lettvinns stereotypi.

Eit sentralt spørsmål er nettopp om dialektbrukarar kjenner klare grenser for ordforrådet i målet sitt. Det er ein premiss for slike ordgranskingar i det heile. Skjekkeland bad informantane svare ut frå det “daglege talespråket”, og dei hadde tydeligvis grenser for kva ord dei godtok. Dessutan hadde Skjekkeland som mål å undersøkje forskjellen på dialektane i Kvinesdal og Bø og om det var ulikskapar mellom generasjonane. Eit underspørsmål gjekk på om det er forskjellar på ordklassane når det gjeld importord.

Metoden hans var å spørje informantar etter ei spørjelite på 487 ord. Orda til lista valte Skjekkeland ut frå “fornorskingsordlista” hos Hellevik (1985), og såleis kunne orda òg oppfattas som “problemord” for nynorsk. Orda skulle vere heilt eller delvis “naturlege” i kvinesdalsmålet, som Skjekkeland i utgangspunktet meinte hadde flest dansk-tyske importord. Han spurte fem informantar i Bø og sju i Kvinesdal, og orda sette han inn i setningar. Informantane kunne slik prøve om orda var naturlege i bruk. Oppgåva for informantane var å svare på spørsmålet: “Vil du kunna ‘gripa til’ dette ordet når du skal forklara noko eller fortelja om noko?” (Side 62.)

Det er ikkje lett for ikkje-språkvetarar å svare direkte på slike spørsmål, men det viser seg å fungere, dvs. at det kjem fram eit tydelig mønster i svara, og det er eit godt indisium på at ein på denne måten greier å avdekke normer i språksamfunnet.

Materialet eignar seg ikkje til statistisk testing, både fordi informanttalet er lågt, og fordi det er tvilsamt kor representative informantane er for heile populasjonen. Yngste informanten i Kvinesdal er fødd i 1950, og yngste i Bø i 1942. Skjekkeland understrekar sjølv at granskinga “gjeld i første rekkje språket til dei som i 1988 var 40 år og eldre” (s. 64). Men forfattaren fortel ikkje korleis dei tolv informantane er valt ut, bare at dei “snakka alle eit språk som av sambygdingar vil bli karakterisert som ‘vanleg kvinesdalsmål’/‘vanleg bøheringsmål’” (s. 64).

Strengt tatt er ikkje dette fullgodt metodisk, for ein risikerer at ev. homogenitet eller eit mønster i materialet kan komme av utveljinga av informantane. Eg tvilar ikkje på at det fins klåre dialektnormer for ordforrådet i lokalsamfunna. Men i tillegg til ubeviste normer kan det òg finnas førestellingar eller ideal om kva som er ‘best og mest dialekt’. I visse perspektiv er det legitimt å granske denne norma hos dei som folk oppfattar som mest typiske, men studieobjektet er ikkje i slike tilfelle nødvendigvis det same som “vanlig dialekt”. Her kunne forfattaren ha gitt oss noen refleksjonar eller opplysningar om dialektomgrepet hans går på ei førestelling om noe typisk, eller om det går på statistisk gjennomsnitt.

Eit metodisk spørsmål som forfattaren ikkje tar opp, er kva det har å seie at han sjølv er frå Kvinesdal og dermed fortrulig med eine miljøet og språket. Kan det å sitte med ein sambygding gi informantane ein annan terskel for å svare ja eller nei enn den informantane i Bø opplever? Her må ein lite på lokalkjennskapen og dømmekrafta åt forfattarane også når det gjeld bøheringsmålet, og at det ikkje er for stor sprik mellom dei to omgrepa ‘gjennomsnittlig talemål’ og ‘dialektnorm’. Med dette atterhaldet må ein seie at resultatata er svært interessante.

Heile 106 ord (21,8 %) av orda på lista blei avvist av alle informantane i begge bygdene, dvs. at dei brukar ikkje ord som *avta*, *berette*, *ryste*, *segne* osv. På hi sida blei 55 (11,3 %) av “problemorda” i nynorsk brukt av alle informantane (s. 69), og 92 blei brukt av minst 10 av dei 12 informantane. (Mange av desse orda blei forresten akseptert i nynorsk i 2000, somme også før.) Eit interessant drag er at det mest er substantiv og adjektiv som kjem inn i språket, mens tilhørande verb kan mangle. Dermed finn ein f.eks. *beredskap*, *bestyrar* og *betegnelse*, men ikkje *berede*, *bestyre* og *betegne*. Desse resultatata viser dermed at det ikkje er “fri flyt” av ord, og “at det går ei klar grense mellom tysk-danske lånord som *er* vanlege i ‘naturleg norsk folkeleg talemål’ og dei som *ikkje* er det” (s. 107).

Utgangshypotesen åt Skjekkeland om ein forskjell på dei to bygdene viser seg å stemme. Ved 168 ord (34,5 %) seier alle Kvinesdals-informantane ja til at dei brukar ordet. For Bø-informantane er dette tilfellet bare ved 59 ord (12,1 %). Denne forskjellen er så stor at han må uttrykke noe. Om vi ville finne ein slik dialektforskjell viss vi studerte andre delar av ordforrådet, f.eks. ein viss type heimlige ord, veit vi ikkje. Men for dette ordområdet er i alle fall resultatet interessant, og Skjekkeland meiner den påviste skilnaden slår tydeligast ut ved dei abstrakte

substantiva, der folk i Kvinesdal kan seie f.eks. “De e ein betryggelse”, mens bøheringane seier “De e trygt å veta” osv. Forskjellen på ordlegginga i dei to dialektane kjem tydelig fram i dei 126 orda (dvs. 25,9 % av heile spørjelista) som dei fleste Kvinesdals-informantane godkjenner, og dei fleste bøheringane avviser.

Ei lita tilleggsgransking om bruken av nynorske avløyasarord eller “skrifttradisjonsord” som *fridom* og *storleik* viser derimot liten forskjell, men det er ein tendens til at noen ord er meir godtakande i Bø enn i Kvinesdal. Her bør det takas mange atterhald, for informanttalet er to frå kvar stad, og om eine informanten heiter det at “[h]o er svært medviten om kva som høyrer det gamle Bø-målet til, og såleis i høg grad representativ for det bøheringane vil kalla ‘ekte’ Bø-mål” (s. 81). Her ligg det sjølvsagt nær å tenke seg at det kan vere ei ideologisk styring av svara. Om forfattaren har prøvd å unngå det, kjem ikkje fram. Men skiljet mellom ei skriftmålskjensle og ei talemålskjensle kan vere påverka av det forfattaren s. 91 omtalar for Bø: “Dette har utan tvil å gjera med den lange og solide tradisjonen nynorsk skriftkultur har i dei midtre og øvre telemarksbygdene. Nynorsk skriftmål har her blitt ein del av den regionale identiteten.” I Bø blei nynorsk innført i 1908 i skolen (s. 104), og s. 111 meiner forfattaren at “å skriva nynorsk [har] langt på veg blitt ei identitetshandling” der. På s. 103 understrekar Skjekkeland det motsette for Kvinesdal. Og da dukkar det kritiske spørsmålet opp: Kan slikt verke inn på svarmåten ved sjølvrapportering?

I kapittel 5 går forfattaren over til å drøfte den historiske bakgrunnen som kan gi forklaringa på at vestegdemålet har fleire importord enn andre dialektar. Her kan han vise til at historikarar har påvist ein særlig sterk kontakt mellom Sørlandet og Nederland. At det i tida 1600–1800 er registrert 11 557 bruder og brudgommar frå Noreg i Amsterdam, er ein sterk indikasjon (s. 97). Mange av desse kom nok heim att – kanskje òg med nederlandsk ektemake – og intens språkkontakt gir da forklaringa på språkutviklinga. “Min teori er at *hopehavet mellom Sørlandet og Holland har vore med på å fasthalda dei tidlegare innlånte lågtyske orda, og mange nye har nok kome til i denne perioden fram mot 1700-talet,*” seier Skjekkeland (s. 97–98).

For å understreke den språklige kontakten nemner han som ein parallell at garpegenitivsområdet begynner i Kvinesdal i Vest-Agder og “breier seg vestover” (s. 99), og han viser til at i Vest-Agder og Sør-Rogaland har konstruksjonen også “trengt inn som genitivsomskriving ved personlege pronomen”, dvs. *han(s) sin* for *hans*. Men denne siste konstruksjonen er velkjent fleire stader i garpegenitivsområdet, og dermed er ikkje dette språkdraget noen støtte for at påverknaden var større i Vest-Agder enn elles i landet. Dermed står vi att med at Vest-Agder faktisk er i ytterkanten av garpegenitivsområdet. Vi kan da seie at kontrasten til Aust-Agder i denne genitiven og ev. i importorda treng forklaring. Korfor er språkpåverknaden annleis der?

Siste historiske momentet i forklaringa åt Skjekkeland gjeld dei sterke kristne rørsene på Sørlandet; dei gjorde at ord frå den religiøse stilen blei ein del av allmennspråket (s. 103). Resultatet av det er at ord som f.eks. *forgjengelighet*, *vellsignelse* og *villfarelse* er komne inn i målet. I datavedlegget ser vi at det neppe

bør oppfattas slik at desse orda står sterkt i Kvinesdal – dei er dels godkjent av bare tre informantar – men derimot er det ingen bøhering som godtar orda. Dermed er det her eit samsvar mellom historiske drag og dei språklige dataa.

Skjekkeland kjem s. 100–101 inn på vanskane med å skilje mellom ord som er komne direkte til norsk frå “det lågtyske språkområdet” (dvs. inklusive nederlandsk), og dei som har vore i transitt i dansk. Som “lågtyske ord som vart først omlaga til dansk”, nemner han f.eks.

mlt.: <i>rechtverdich</i>	> gl. dansk <i>rættferdig</i>	> norsk <i>rettferdig</i>
mlt.: <i>kunt maken</i>	> gl. dansk: <i>kundgiøre</i>	> norsk: <i>kunngjøre</i>
mlt.: <i>inbûwe</i>	> gl. dansk: <i>indbygger</i>	> norsk: <i>innbygger</i>

Eg kan her ikkje sjå kva språklige merke som viser at desse orda må ha tatt vegen via dansk for å komme til norsk. Dette tar forfattaren for lett på, og det same gjeld det han seier i framhaldet om *else*-orda.

Framstillinga i avhandlinga er lett og ryddig, men ho kunne ha vore stramma litt opp i utforminga. Her er for mange oppattakingar. På s. 80 finn vi endatil to avsnitt som er nesten identiske.

Boka vil ha nytte som beskriving av ein episode i nynorsknormeringa, men største verdien i verket har ordstudien av dei to bygdemåla. Skjekkeland viser i den korleis språkkontaktspørsmålet kan analyseras gjennom ordforrådet. Lite og inkje av slikt er gjort før. Sjølv om det står att å utvikle betre metodikk, viser denne studien veg.

Helge Sandøy

Universitetet i Bergen
 Institutt for nordisk og litteraturvitskap
 Sydneplassen 7
 NO-5007 Bergen
 helge.sandoy@nor.uib.no

[Mottatt 11.03.2003.]